

VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

November 2014

Innhald i dette nummeret:

Leiaren har ordet - Randi Jåstad	3
Styremedlemmene i Venelaget 2014–2016	4
Referat frå årsmøtet sept 2014 - Randi Jåstad	5
Intervju med vinnaren av amboltprisen Espen Eide - Eivind Bergo	7
Om lyrikk - Bjørn Finne	9
Sonettane til Hauge - Johannes Gjerdåker	10
Utdrag frå «Å vera ingenting. Samtalar med spelemannen Knut Hamre» - Benedicte Maurseth	12
«Hva er det med Hauge som drar slik?» - Erik Nordstrand	16
Vedtekter for Venelaget OHH, endra på årsmøtet i september 2014	17



TAKK FOR SIST TIL DYKK SOM VAR MED PÅ ÅRSMØTET I ULVIK 6. SEPTEMBER!

Eg sa ja til å vera leiar i Venelaget etter Theresa Wallevik fordi eg visste at resten av det nye styret består av flinke og kjekke folk. Takk til Theresa Wallevik, som har gjort ein framifrå jobb dei siste to åra, og takk for tiliten vi i det nye styret fekk!

Årsmøtet sa klart frå at Venelaget framleis er liv laga sjølv om Hauge-senteret no er kome i drift. Venelaget kan vera eit lite supplement til det profesjonelle Hauge-senteret. Vi skal spegla det folkelege, frivillige arbeidet med Hauge-tekstane. Dette er mandatet vårt frå årsmøtet.

Gratulerer med opninga av det innhaldsrike Hauge-senteret til alle som har arbeidt for dette i mange år! Gratulerer med den velukka og innhaldsrike Poesifestivalen! At så mange fann vegen til Ulvik poesihelga, viser at mange er glade i lyrikk generelt, og tekstane til Olav H. Hauge spesielt. Tekstane hans lever og blir brukte i mange, ulike samanhengar.

Venelaget stod for programmet «Sjelalaug» på laurdags ettermiddag i Elvatun. Ungdomshuset var fullsett, og publikum tok vel i mot programmet Arnhild Litlere, Geir Botnen, Arild Helleland, Benedicte Maurseth og Knut Markhus, alle med røter i Hardanger, hadde sett saman. Sparebankstiftinga og Folkeakademiet hjelpte oss økonomisk slik at vi fekk realisera dette programmet.

Styret i Venelaget planlegg eit program med skodespelar Arnhild Litlere og saksofonist Arvid Aasprang første veka i februar 2015.

Litlere er ein av dei finaste tolkarane av Hauge-tekstar i dag. Ho vil plukka ut dikt og dagboktekstar frå ulike deler av livet til Hauge. Aasprang vil gje tonefylgje til orda. Vi startar på Litteraturhuset i Bergen torsdag 5. februar, og held fram på Thon hotell Norheimsund fredag 6. februar, i Kulturhuset på Voss laurdag 7. februar, og i Odda på sundag 8. februar. Merk av datoane. Venelagsmedlemmer får rabatt på billettane. Folkeakademiet støttar oss økonomisk.

Elles vil styret freista auka medlemstalet i Venelaget. Vi har hatt ein liten vervekkampanje no i oktober, som resulterte i mange nye medlemmer. Vi har no ca 220 medlemmer. Men vi treng fleire! Om vi skal få råd til å skipa til arrangement, må vi ha pengar. Kulturprogram med høg kvalitet er ikkje gratis. Difor har vi ei oppmoding til medlemene våre: Om kvar medlem vervar ein ny medlem, vil det bety enormt mykje for arbeidet vårt, både når det gjeld aktivitet og kvalitet.

I dette medlemsheftet får du mellom anna utdrag frå boka *Å vera ingenting. Samtalar med spelemannen Knut Hamre*, intervju med amboltprisvinnar Espen Eide, ein artikkel om sonettane til Hauge, eit personleg essay om poesi og litt ymse som gjeld Venelaget.

Randi Jåstad
(leiar)

Vikøy, 15. november 2014

STYRET I VENELAGET OLAV H. HAUGE 2014–2016

På årsmøtet 6. september 2014 vart det sett saman eit nytt styre i Venelaget Olav H. Hauge. Theresa Wallevik valde å trekkja seg etter to år som leiar. Ho har gjort ein strålende jobb i styret, og heile Venelaget skuldar henne ein stor takk for innsatsen ho har lagt ned. Randi Jåstad, som var nestleiar i førre periode, rykka dermed opp som leiar. Resten av styret vart sitjande, og Bjørn Finne vart vald inn som ny medlem.

Styret i Venelaget Olav H. Hauge vil i perioden 2014–2016 såleis bestå av følgjande personar:

Leiar: Randi Jåstad, Øystese. Pensjonert norsklektor ved Øystese gymnas.

Audun Lødemel, Voss. Pensjonert norsklektor ved Voss gymnas.

Annelise Thorbjørnsen, Voss. Eigar og drivar av Galleri Voss.

Eivind Bergo, Bergen. Lærer ved Paradis skule i Bergen.

Bjørn Finne, Ulvik. Bjørn er altså ny medlem i styret. Han er fra Tyssen på Bolstad, der han dreiv gard i fleire år. Etter studietida ved Universitetet i Bergen, der han tok fagfordjuping i norsk, engelsk og filosofi, underviste han nokre år i vidaregåande skule. Dei siste åra har han budd i Ulvik, der han har jobba ved Brakanes barne- og ungdomsskule og som bibliotekssjef ved det offentlege biblioteka i Ulvik og Granvin. Hausten 2014 byrja han som lærar ved Granvin barne- og ungdomsskule.

Det nye styret er godt i gang med planlegging av arrangement for å fremja diktinga til Olav H. Hauge.

REFERAT FRÅ ÅRSMØTET 2014 6. SEPTEMBER 2014 I KJELLAREN I UNGDOMSHUSET ELVATUN I ULVIK

Til stades: 24 medlemmer, styret inkludert

1. Innkalling og sakliste vart godkjende

2. Konstituering

- Audun Lødemel vald til ordstyrar
- Randi Jåstad vald til referent
- Lars Meling vald til å underskriva protokollen

3. Godkjenning av årsmelding 2012–2014

Styreleiar Theresa Wallevik kommenterte årsmeldinga som låg ved innkallinga, og ho vart samrøystes godkjent.

4. Godkjenning av rekneskapen

Kasserar Anders Oppheim delte ut rekneskapsversikt for perioden 2012–2014. Olav Berge har revidert rekneskapen. I samband med dette vart tilhøvet mellom styret og kasserar drøfta. Konklusjon: Styret har alltid det økonomiske ansvaret for rekneskapen. Kasseraren treng ikkje vera med i styret. Styret er glad for å ha ein kasserar som er profesjonell.

5. Vedtektsendringar

Framlegg fra styret:

§ 5: Venelaget nemner opp ein medlem til styret for Haugestiftinga. Det skal veljast varamedlem for denne. Styret vel desse internt.

§ 6: Venelaget skal ha styre med leiar, nestleiar, kasserar, skrivar og styremedlem. Det skal veljast to varafolk. Leiaren og styremedlemmene er på val kvart årsmøte. Kasseraren treng ikkje vera styremedlem. Ei valnemnd på tre medlemmer kjem med framlegg på årsmøtet om styresamansetting.

Begge desse endringane vart samrøystes vedtekne.

6. Kontingentendring

Styret føreslår å auka medlemspengane fra kr 200 til kr 250 for året. Dette vart samrøystes vedteke.

7. Innkomne saker

Styret har ikkje motteke nokon saker til årsmøtet

8. Val for perioden 2014–2016

Leiar for valnemnda, Elisabeth Sølberg Aase greidde ut om arbeidet til valnemnda. Framlegget til valnemnda vart samrøystes vedteke. Det nye styret ser slik ut:

Leiar:

Randi Jåstad, Norheimsund

Styremedlemer:

Eivind Bergo, Bergen

Audun Lødemel, Voss

Annelise Thorbjørnsen, Voss

Bjørn Finne, Ulvik

Varamedlemer:

Torbjørn Austrud

Ulvik Terje Hjartnes, Ulvik

Valnemnd (*framlegg frå styret*):

Theresa Wallevik, Ulvik

Unni Solem, Ulvik

Bjørn Bremerthun, Bergen

Valnemnda konstituerer seg sjølve.

Jury for Amboltprisen (*framlegg frå styret*):

Theresa Wallevik

Per Bjørnar Grande, Skattegaten 22c, 5011 Bergen

Inger Lise Belsvik, Arnulf Øverlandsv 241a, 0763 Oslo

Alle val var samrøystes.

9. Vegem framover for Venelaget Olav H. Hauge (*ordet fritt*)

Randi Jåstad opna opp for å diskutera om Venelaget no er blitt overflødig etter at Haugesenteret har kome i drift. Årsmøtet meinte at Venelaget representerer den folkelege interessa for Olav H. Hauge sine tekstar, og at det bør fungera som eit supplement til det profesjonelle Haugesenteret. Årsmøtet ber styret i Venelaget halda fram arbeidet med å skipa til ulike arrangement utanfor Ulvik, gjerne i samarbeid med Haugesenteret eller andre. I tillegg bør Venelaget halda fram med å gje ut medlemsbladet.

10. Ymse

Randi Jåstad takka Theresa Wallevik for framifrå arbeid som leiar desse to åra, og ynskte henne lukke til vidare. Styret er glade for at ho vil fylgja Venelaget vidare gjennom valnemnda og i juryen for Amboltprisen.

Randi Jåstad

referent

Lars Meling

protokollunderskrivar

VINNAR AV AMBOLTPRISEN 2014 - ESPEN EIDE

På Syse i Ulvik står det ein ambolt på ei peishylle. Det er ikkje mange slike amboltar i verda. Jan Erik Vold har ein, det same har Robert Bly og Bodil Cappelen. Og no altså Espen Eide, kultursjef i Ulvik herad og tidlegare festivalsjef for Ulvik poesifestival. Trass i hardt arbeid i fleire år med å skipa til denne poesifestivalen påstår Espen hardnakka at det var heilt uventa då leiaren i Venelaget ringte for å informera om at han var årets vinnar av Amboltpriisen.

- Det er litt rart å vinna ein pris ein sjølv har vore med å stifta, innrømmer han.

Meir profesjonell festival no

Eg møter Espen på kontoret hans i Sentrumsbygget på Brakanes, der han for tida er midt i budsjettarbeid for neste år. Kva han tykkjer om kulturdelen av statsbudsjettet let me liggja, og ser heller tilbake på poesifestivalen for ein månad sidan. Tidlegare var det Espen og frivilljuge som arrangerte festivalen, no er det tilsette som jobbar med dette på fulltid.

- Festivalen har vorte langt meir profesjonell no som Nynorsk Kultursentrum og deira apparat står for arrangementet. Eg tykkjer det var ei fin blanding av eldre og nyare lyrikk på festivalen i år.

- Då du var festivalsjef, kva del av jobben følte du at du meistra best?

- Som festivalsjef må ein ha mange strenger å spela på. Dette var særleg viktig for meg sidan eg var den einaste tilsette som jobba fram mot festivalen. Eg hadde og blick for nye lyrikarar som me kunne invitara til Ulvik. Eg hugsar i 2002 da me hadde Odd Nordstoga her. Han var da eit ukjent namn for dei fleste. Det var så få menneske på konserten hans at me måtte ned på Brakanes hotell for å henta 20 ekstra publikumarar. Så eg hadde nok litt teft for nye namn.

Av lyrikarar han gjerne skulle sett på festivalen, og som han i alle år freista å få til Ulvik, nemner han den svenske lyrikaren Göran Sonnevie. Bortsett frå han, så har dei største nordiske lyrikarane vore med på poesifestivalen. Robert Bly står likevel som ein av dei fremste lyrikarane som har bidregge på festivalen.

Vegen vidare for Ulvik poesifestival

- Mange festivalar, særleg musikkfestivalar, går dukken fordi dei freistar å verta altfor store. Ser du slike farar ved poesifestivalen i Ulvik, og kva er det beste tipset du kan gje til dei som skal skipa til festivalane i framtida?

- Håpet mitt er at om 10 år er festivalen den største i Norden, og at det er lange køar på alle arrangementa, humrar Espen, før han vert alvorleg att.

- Tipset mitt må vera å byggja vidare på den profilen festivalen no har. Festivalen er kvart andre år, og det må den halda fram med å vera. Ulvik er ein liten stad, og me har nok nådd taket for kor mange overnattingsgjestar bygda kan ta imot, seier Espen, og viser til at det var 4400 menneske på festivalen denne hausten.

- Me har eit godt apparat med frivilljuge arbeidarar, men desse bidreg og på andre festivalar. Kapasiteten vår tilseier difor at festival kvart andre år er akkurat passe.

Vidare fortel Espen at det store spørsmålet for dei som skal driva festivalen, må vera kor stor plass Hauge si diktning skal ha, og kor stor plass det skal vera for andre og nyare lyrikarar. Gjennom dagbøkene til Hauge har ein ei utømeleg kjelde med materiale som kan prega festivalane. Somme år har festivalen fått kritikk for å ha for lite om Hauge. I år var balansen mellom Hauge si diktning og nyare lyrikarar særst god, i følgje amboltvinnaren.

- For nokre år sidan vart tanken om Diktarvegen lansert. Dette skulle freista å knyta

kjende lyrikarar langs riksveg 13 nærare saman, og skapa kulturopplevingar langs denne vegen. Det vart aldri noko av Diktarvegen. Kva er dine tankar om det?

- Det er like greitt at det ikkje vart noko av Diktarvegen. Det var ingen som beit på denne idéen, og Haugesenteret står godt på eigne bein no. Hauge-senteret kan samarbeida med mellom anna Litteratursymposiet i Odda og med Litteraturhuset i Bergen.

Set stor pris på kvardagsdikta til Hauge

Det er godt kjent at Espen er ein stor fan av lyrikk. Forma med dei korte dikta, som Hauge utvikla på 1960-talet, liker han betre enn dei tidlegare dikta hans. Hauge sine kvardagsdikt og hans evne til observasjon er noko av det Espen set høgst.

- Kva så med andre lyrikarar, vil eg vita.
- Eg har mange lyrikarar som eg set pris på å lesa, mellom anna Eldrid Lunden, Paal Helge Haugen og Einar Økland. Og ikkje minst Jan Erik Vold.

Når ein har vore festivalsjef, har ein opplevt både store augneblink og nestenkatastrofar. Det beste minnet var då Robert Bly kom til bygda, der han hadde eit innslag med felespelaren Knut Hamre.

- Dette var i jubileumsåret 2008, så det var heilt max, mimrar Espen.
- Kva så med hendingar du hugsar spesielt fordi det gjekk heilt gale, eller kunne gått gale?

- Under dei fyrste festivalane hende det rett som det var at lydanlegget streika. Me opplevde og at deltakarar sat oskefast og dermed ikkje kunne koma hit. I slike situasjonar er det stressande å vera festivalleiar. Det verste var nok likevel den gongen me skulle ha paneldebatt med fleire forfattarar. Det viste seg at to av forfattarane hadde hatt ein feide gjennom fleire debattinnlegg i tida før festivalen. Rett før paneldebatten skulle byrja, nekta difor ein av forfattarane å delta dersom den andre forfattaren og skulle vera med. Her måtte eg smiska og lokka lenge. Eg hugsar mellom anna at eg sa: *Du har jo så mange gode poeng å koma med. Den andre forfattaren er jo egentleg ikkje noko særleg, det er jo deg folk vil høyra.* 15 minutt forseinka gjekk ho på scenen, og sette seg så langt unna den andre forfattaren som ho kunne, mimrar Espen og ler.
- Ein treng nokre pedagogiske triks for å vera festivalleiar, vedgår Espen.

Arbeidet med kulturbudsjettet gjer seg ikkje sjølv, så eg lar han gå tilbake til arbeidet sitt. Det er freistande å spørja han kven han meiner bør vinna Amboltprisen i 2016, men eg lar det arbeidet kvila på amboltnemnda. Det som er sikkert, er at det finst fleire som Espen, personar som har gjort mykje for å fremja både Hauge si diktning og lyrikk generelt. Og utan slike menneske hadde Hauge-senteret hatt ein langt tyngre jobb med å arrangera Ulvik poesifestival.

Eivind Bergo, oktober 2014

VYRDE GODTFOLK

Stundom er det slik at det ein drøymmer kan vera vel så viktig som det ein faktisk har opplevd. Eller om ein vil, kanskje kan ein tenkja at gode draumar inspirerer oss i kvar-dagen.

Å lesa lyrikk og å drøyma tykkjer eg stundom går om ein annan. Å lesa lyrikk gjev det daglege eit anna perspektiv. Linjer frå eit dikt kan kasta eit lys over noko trivielt, og brått er det liksom noko vakkert over det heile. Lyrikken lagar “- helg yver kvardagsbordet-”.

Sidan eg er ny i Venelaget, tenkte eg det kunne vera greitt at eg nemner noko om mitt tilhøve til lyrikk, og til Olav H. Hauge sine dikt. Nokon kjennar, eller ekspert er eg ikkje, men kva vil det no eigentleg seia. Den som dreg lyrikken inn i sitt eige liv, inn i sitt eige språk, og som ein konsekvens av det har eit betre liv, kan henda er det den eigentlege ekspert. Vedkomande har i alle fall skjønna kva me kan bruka lyrikken til. I tekstskaping av ymse slag, brevskrivning, noveller, meiner eg det kan vera betimeleg å spela litt på lyriske strengjer, slik at det daglegdagse og det lyriske kan utfylla kvarandre.

To armar

To armar var på veg oppover. «Eg er ein båt utan vind». «Ja, men eg er vinden», sa ho, og kom endå nærare. Eg kjende armene oppover bringa og halsen. «Dører skal opna seg», sa ho. Eg tenkte vidare framover i diktet; men kom til det var best å tre varleg, bevare augneblinken, denne stunda. «Er det kaldt her inne, skal eg sjå om det framleis er glør i oska», eg visste ikkje heilt korleis eg skulle ordleggja meg. Ho var bra nær, for å

seia det slik, det var tett.

Utanfor glaset såg eg greinene fra den gamle apalen. Dei dudde lint fram og tilbake. «Har du smaka dei gamle flaskeplea», spurde eg, men det var ikkje noko svar å få. «Kyss meg», sa ho og drog meg tett mot seg. Alt eg såg var myrke lokkar kringum hals og kinn. Kvifor eg nett då skulle kome i tankar om omnskuffa veit eg ikkje, men den skulle vore tømde for lenge sidan. Eg skulle ha spreidd den i vinden, liksom andre tidlegare draumar har rakna og fare.

Så kyste ho meg endå ein gong og fanga meg inn i eit nettverk av armar og bein. Da kjende eg meg som ein gneiste av den store eld, eg var den bylgja som brusa. Heilag var elden som brann. Så lyfte ho hovudet litt, og drog seg attende eit bel. Blikket hennar festa seg ved noko, eg veit ikkje kva det var. «Eg smaka på flaskeplea i går», sa ho, «men ser du lenger vil du sjå at nysnøen har breidd si kåpe yver den svarte tind, og om litt vil natthimlen opna skåpet». Ei snodig og varm stillheit la seg over oss etter desse orda.

Vidare sa ho: «Eit menneskeliv er ein vev», og let fingrane gli inn i mine. Kan henda var det då at stjerneskuddet rann i hugen, det er ikkje godt å seia. Det var i det heile ikkje så lett å seia noko meir. Eg byrja å lura på om lyrikk stundom kan gjera ein taus, så ein mister munn og mæle, eller om mi forstumming skuldast andre tilhøve. Eg let hendene mine glida oppover armene hennar då ho kviskra stilt: «Turrskodde skal ingen vassa oss no».

Bjørn Finne

JOHANNES GJERDÅKER, FØDD 1936, BUSETT PÅ VOSS

Litt om stabilitet og nyvokster i diktinga hjå Olav H Hauge; særskilt om sonett diktinga

I dei sju diktsamlingane Olav H. Hauge gav ut frå 1946 til 1980, er dikteren heile tida attkjennande; spåkføringa er den same, såleis òg balansen mellom kjensle og tanke. Den særreigne visdomen hans kjem fram i kvar av diktsamlingane.

Hauge var 38 år gamal då debutsamlinga *Glør i oska* kom ut; og den biografiske litteraturen om han og hans eiga utjevne dagbok viser at han var lærd og gjennomreflektert diktar på den tida då han debuterte.

Så kan ein spørja: Er det utvikling og vokster fra 1946 til 1980? Ikkje i den etiske grunnhaldninga, ikkje i målforma og ikkje i det han er merksam på og gjer merksam på i nært og i vidt miljø. Derimot kjem det alt i *Under bergfallet* (1951) og etterkvart i dei fem seinare samlingane gjennomgripande omskifte i verseformer, bruk av rim, dikt lengd og i sjølve diktforma. For å få oversyn og for å halda desse tinga frå kvarandre, kan me setja opp nokre punkt:

1. I *Glør i oska* står ei rekkje dikt med mange strofer. Det er desse: “Song til stormen”, “Spelemannen”, “Gartnaren drøyer”, “Uppskoke”, “Til ein gamal meister”, “Fortrolla skog”, “Grottesongen”, “Beint fram”, “Perspektiv”. Alle desse dikta er sprungne ut av skaldens indre liv, slik som storparten av dei korte dikta òg er, men det er likt til at det er just lengda som gjer at dei ikkje har fått etterfylgjing i dei seinare diktsamlingane.
2. Sonett dikting hjå Olav H. Hauge: Frå og med “Under bergfallet” er sonettar med i alle diktsamlingane, i alt er det 16 av dei, flest i *Seint rodnar skog i djuvet* og i *Dropar i austanvind*, der det står fire i kvar. Elles står tre sonettar i *På ørnetuva* og to i *Under bergfallet* og i *Spør vinden*. Den

siste sonetten er “Me trudde verdi her er til for oss” frå *Janglestrå* (1989).

Sonettforma kom fyrst opp i italiensk seinmellomalder, og den utforminga som har vore mest dyrka i Europa, har namn etter Petrarca. Sonetten fekk alt tidleg grobotn i England, og William Shakespeare (1567–1616) gav i si tid ut ei stor sonettsamling som i all ettertid har vorte mykje lesen, studert og heidra i alle land.

Det er vanskeleg å gje eit visst svar på kva som gjorde at Olav H. Hauge byrja å dikta sonettar. Han vart tidleg kjend med sonettar i engelsk og amerikansk lyrikk, men òg i anna europeisk dikting. Den norske sonett-tradisjonen går attende til J. S. Welhaven (i “Norges Dæmring”). I nynorsk lyrikk står Kristoffer Uppdal fram som sonett-dyrkar, og det er god grunn til å tru at Hauge vart gripen sterkt av Uppdals sonettar, som av Uppdal og hans dikting i det heile. Av samtidige i norsk dikting er det kjent at Herman Wildenwey, André Bjerke, Ragnvald Skrede, Aleksander Seippel og Jakob Sande har dikta sonettar.

I svensk lyrikk gav Frans G. Bengtsson ut to diktsamlingar med ei rekkje sonettar av varande verdi i kvar av dei. På Island har Jónas Hallgrímsson, Jon Helgason og Tómas Guðmundsson dikta sonettar som lever vidare.

I diktinga til Olav H. Hauge kom sonetten inn som eit gjevande element. Dei står harmonisk saman med eit stort mangfald av dikt frå *Under bergfallet* til *Janglestrå*. Dei gjev alle sitt til heilskapen, sume av dei har den store tonen, slik som me kjenner han i t.d. “Her har eg butt” frå *Spør vinden* (1971):

HER HAR EG BUTT

Her har eg butt meir enn ein mannsalder,
År med vind og stjernor i høg rigg
har siglt framom.
Tre og fuglar har sege seg til her,
men eg har ikkje roa meg.

Dei to sonettane “Til Shelly” frå samlinga *Under bergfallet* (1951) og “*Kveld i november*” frå samlinga *På ørntuva* (1961) viser spennvidda i sonettdiktinga til Hauge:

TIL SHELLEY

Min ungdoms skald! Eg kan kje lenger trø
solstrålan til ditt blåe paradís.
Di tankevogn til svimle høgder ris
og gjer meg ør; og einast ånd, ditt brød,

kan ikkje meg, ein grådig jordson, fø.
Men livet krev av kvar og ein sin pris,
og gauv òg deg i barmen kjøld og is
og kasta i ditt hår sin beiske snø.

Du ånd av eld og storm! Ei villmannstid
er ubudd å ta mot ein son so stor.
Og likevel : i ditt skjott-trødde spor

lyt mannen gå; um han skal verta meir
enn dyret, lyt han audmjukt gje sitt leir
tilbake, brent i kjærleik og ånds strid.

KVELD I NOVEMBER

Han sperrar loftet. Natti kjem med frost.
Eg fer med augo yver hagen, veit
det heng att eple i ein topp. Eg leit
på mildver enno; veden skal i kost,

og kålen takast upp og kulast, tre
skal plantast; og det burde vorte tid
til nybrot òg. No ser eg hausten lid
og marki frys og snøen kastar ned

midtlides, og eg veit eg rekk ikkje mitt.
Den epleslumpen fær eg berga, kor
som er, so er i minsto ei sut kvitt.

I vest er månesigden ute, stor
og haustkvass, gjerug med å berga sitt,
ei sagnads solbunde åt ei myrk jord.

MEISTER OG ELEV



Foto: Knut Bry

Forfattern og felespelaren Benedicte Maurseth har gitt Venelaget lov til å trykkja utdrag frå boka *Å vera ingenting. Samtalar med spelemannen Knut Hamre*, som kom ut på Samlaget i 2014. I boka samtalar Benedicte Maurseth med læremeistaren sin, Knut Hamre, om felespel, andre kunstuttrykk og livet generelt. Gjennom vare, fine dialogar mellom meister og elev presenterer Maurseth kunstnarleg og pedagogisk utvikling hjå ein av dei viktigaste spelemennene som lever no. I tillegg formidlar ho kunnskap om spelemenn og slåttetradisjonar i Hardanger. Boka er vel verd å lesa for alle som er interesserte i hardingfelemusikk og kunst generelt. I boka seier Hamre at han har hatt tre sentrale læremeistrar i livet sitt, felespelarane Anders Kjærland og Bjarne Herrefoss, og diktaren Olav H. Hauge. Knut Hamre fortel om tilhøvet sitt til Olav H. Hauge, og kvifor han reknar han som ein av dei tre viktigaste læremeistrane sine.

Diktet “Gjer ein annan mann ei beine” står som innleiing til boka:

Han kom or fjellet, skulde heim,
fekk føring ifrå Osa
ut til Øydvinstø.
Og han var raust
og baud betal.

Men Osamannen
var ikkje fal.

Eg vil betala;
eg kan ikkje nå deg
med ei beine att.

So gjer ein annan mann
ei beine då,
sa Osamannen,
og skauv ifrå.

1994: Bodil, kona til Olav H. Hauge, ringde Knut ein kald og klår morgon seint i mai og sa: «Olav vil at du skal koma, han vil

ta farvel med deg.» Knut sette seg med det same i bilen heime i Folkedal og kørde inn til Rossvoll i Ulvik, til garden med dei snart blømande epletrea og til det raude huset der Olav hadde budd heile sitt vaksne liv. Han var skral jamt over den siste vinteren og venta berre på at sol og vår skulle koma attende og tina mold og kropp. Ein kunne nesten sjå det med berre augo, blodet som gleid saktare og saktare kring i årene i den gamle kroppen. Då Knut kom inn på rommet, sat Olav lent framover i senga si, med beina i kryss og med ei stor pute bak ryggen. Kring seg hadde han eit pledd, og den tynne kroppen seig inn i seg sjølv. Kjakane var djupe, skjegget hadde vakse seg langt, og i andletet var berre dei intense, store, brune augo att.

- Eg tenkte då eg såg han, at no liknar du på dei du har tala med inni deg heile livet ditt, ein gammal kinesisk vismann, ein munk, ein beduin i ørkenen. No får du reisa til «ei onnor verd» og vera med dine egne.

Olav rekte ut den lange armen sin, tok Knut i handa og sa «takk for alt, Knut.»

«Takk sjølv», svarte Knut.

Så sat dei stille saman, til dess Knut reiste seg, lukka døra og kørde heim att. Natta etter døydde Olav.

- Du kallar Olav H. Hauge for ein av dine viktigaste lærere, veit eg. Men kva legg du i det når han ikkje var musikklik som du sjølv?

- Meister-og-elev-forholdet vårt var endelause samtalar og diskusjonar om ulike tema som kunst, religion, dikting, musikk, filosofi, politikk og historie. På eit vis byrja eg på universitetet då eg byrja å gå fast hjå Olav. Men i staden for å gå på UiB heldt me oss heime i stova på Rossvoll. Og i staden for førelesingar avgrensa til 45 minutt heldt me gjeme på heile dagen, time etter time. Eg lydde og fekk servert lange monologar frå Olav medan han gjekk i sirklar på golvet, banna, steikte og fekte med armene alt etter kor engasjert han vart. Spørsmåla mine datt ut, medan svara fossa inn. Eigentleg

heldt me jo på med det same; nemleg å arbeida mot det optimale formidlande uttrykket. Difor fann me eit sams språk, sjølv om kunstforma me arbeidde med, var ulike. Og difor vart desse monologane like viktige og avgjerande for meg som alle andre konkrete speletimar eg har hatt. Stor ålmenn kunnskap er viktig. Alt formar til slutt ein tone.

- Det høyrer ut som ei slags læretid i dansing?

- Ja, eg lærte også ei haldning av Olav; å ha respekt, tona ned eigen smak, ikkje avvise noko, men sjekka ut alle ting med flid og alltid snakka om andre med vørndnad. Han hadde eit stort hjarta og var alltid oppmuntrande og konstruktiv mot nye diktarar. Eg var også heldig å få møta andre markante personar heime hjå han, som Espen Skjønberg, Robert Bly, fleire fra Profil-gjengen, Tor Obrestad mellom andre, og alle slike møte gav stor næring til meg som spelemann.

Olav oppmoda Knut til å halda på forvitenenskapen heile livet, til å lesa og filosofera, og tilrådde han mellom andre Søren Kierkegaard, som han meinte var viktig åndeleg påfyll for ein kunstnar. Det same med Friedrich Nietzsche, der det også handla om å finna inspirasjon til alltid å vera arbeidsam, utan lettvinde løysingar.

- Også Olav sjølv forsvarte visdom og hardt arbeid. Han trudde ikkje noko på å sitja og venta på inspirasjon. Elles samtala me mykje om dei store filosofane generelt. Han fortalde meg utførleg om ulike forfattarskap, om han lika dei eller ikkje, der eg mellom anna kunne spørja: Kvifor trudde han at Knut Hamsun skreiv som han gjorde? Eller kva meinte han om diktinga til Henrik Ibsen? Eg røynde aldri at han ikkje kunne noko om det eg spurde han om, faktisk aldri.

(.....)

Gjennom monologane på Rossvoll lærer Knut om dei store perspektiva; at det finst ikkje noko som er fråskilt frå noko anna, alt heng saman i ein stor heilskap, frå det

mikroskopiske til det universelle, frå dei små frø til dei store stjernene. Og dei drøftar samanhengen mellom natur og kunst, menneske og univers, og at ikkje noko står for seg sjølv i egne båsar, men finst som impulsar til alt anna.

- Ein finn den same filosofien att i alt han skreiv, der det lokale og globale er i einskap.

Stundom spelte også Knut for Olav og bad om råd. Då tala Olav stort sett om fargane i slåttane. Og spelte Knut lydarslåttan *Bygdetråen*, til dømes, tala han om dei mørke fargane han såg for seg der, og om korleis ein kunne uttrykkja dei djupare.

- Han kunne vera kritisk også og sa klart frå om han opplevde at eg var fråverande i enkelte parti i slåttane. Når han ikkje musiserte sjølv, lytta han sjølv sagt på eit anna vis, og det er sunt å få råd frå slike øyro. Men sa han noko om musikk, var det helst tilfeldig.

Olav var kritisk til at Knut tevla så mykje på kappleikar tidleg i 1980-åra. Det var det verste ein kunne bruka musikken til, meinte han, å konkurrera om kven som var «best». Likevel var han ofte den fyrste til å skryta av Knut til andre, om kor mange «kruser» han hadde heime. Kritikken var ikkje konsekvent. Ein fekk ikkje læresetningar med seg heim. Og Olav skifta meining fra gong til gong Knut var der.

- Det same var det med hans eiga diktning; kom det folk bort til Olav og spurde han ut om kva han meinte med enkelte setningar, tolkingar og liknande, så avviste han dei. Ein måtte tenkja sjølv. Det usagde har ei stor kraft, ein kludrar det fort til om ein skal forklara alt.

- *Lærte du noko scenisk av Olav når de heldt konsertar saman?*

- Hans sceniske nærvær gjorde klårt inntrykk. Bodskapen og formidlinga var særskild god. Olav fekk deg til å lytta. Eg såg aldri at han var redd på scena, berre føreåt. Da kunne han kvi seg lenge før han skulle reisa, stundom så gale at han avlyste turar i siste liten. Han vart sur og grinete når alle para-

doksa herja inni han. Forklaringane på kvi for han ikkje kunne reisa likevel, var mange, og stundom komiske. Ein gong ringde han meg rett før eg skulle koma og henta han i Ulvik, då me skulle køyra til Bergen for å halda konsert. Men då kunne han ikkje reisa likevel, fordi vesle katten var borte, og han måtte vera heime i tilfelle han kom attende. Men når han fyrst kom seg opp på scena, forsvann dette, og han hadde full kontroll.

- *Det høyrest ut som han kanskje lika å stå på ei scene, berre han fekk parkert tvilen?*

- Han vart alltid eit naturleg midtpunkt, noko han lika veldig godt, stundom så godt at eg nesten ikkje fekk han med meg heim att. (.....)

- *Kva tenkjer du om mytane som finst om Olav H Hauge, Knut?*

- Biletet mange har av Olav som ein taus og inneslutta mann, er nok berre til dels rett. Fyrst og fremst var Olav sitt liv eit lesande liv. Når eg kom på vitjing, hadde det kanskje ikkje vore nokon der sidan sist. Difor hadde det mellombels fylt seg opp idear og tankar til ei gigantisk boble som sprakk idet ein trodde i tunet hans. Einsam var nok Olav mykje av livet sitt, men kom han på glid, kunne han prata høl i hovudet på kvar og ein som ville lyda på. Eg minnest mellom anna ein gong me var på biltur saman. Kona hans, Bodil Cappelen, køyrde, og eg sat ved sida av henne framme, medan Olav var i baksetet. Men det vart for keisamt for han å sitja bak der åleine, så det enda med at den ihuga, lange mannen stakk hovudet og halve kroppen sin fram forbi oss der mellom seta, fekta med armane og serverte foredrag utan ende.

Men takk og pris for at han var så ivrig på å dela tankane sine! Det var eit enormt åndeleg påfyll.

- *Betalte du han på nokon måte for alle «monologane»?*

- Nei, men eg hjelpte han gjerne med ulike praktiske ting som murararbeid og liknande, i og med at eg var utdanna murar.

- *Hadde ikkje du ein arbeidsgjevar som lurte på kvar du var, då, når du stundom vart sitjande hjå Olav ein heil dag?*

- Det har eg aldri tenkt på. Det var no eit arbeid, det også, å vera der!

- *Kva har Olav hatt å seia for deg?*

- Han gav meg tryggleik og var ein sann ven som eg alltid kunne lita på. Rossvoll var ein fristad, der fekk ein verkeleg tid til å gli inn i det som var viktig for oss. Men det var alltid kvardagsleg og godt, utan sensasjonar. Me kokte kaffi, steikte flesk og skaut på fiskebolleboksar med pil og boge når me ikkje orka å skravla meir. Han sa alltid: «Hald på med ditt, Knut, hald på med ditt.» Det gav meg kraft til å halda fram når motstanden mot spelet mitt stundom vart for stor. Då vart hans ord ei reining.

- *Gjekk det båe vegar?*

- Eg veit at eg gjorde Olav godt. Han vilte ofte ha meg med på ting sjølv om eg i utgangspunktet ikkje var beden, som nar han skulle i festlege lag og frykta det kunne verta keisamt, eller når han skulle få tildelt prisar og liknande.

- *Korleis er det å vera att når ein slik sterk meister og ven døy?*

- Heldigvis vart Olav ein gammal mann. Han fór ikkje brått. Eg fekk tid på meg.

Utdrag fra *Å vera ingenting. Samtalar med spelemannen Knut Hamre*, Benedicte Maurseth, Samlaget, Oslo (2014).

Innleiingsavsnittet er skrive av Randi Jåstad.

HVA ER DET VED HAUGE SOM DRAR SLIK?

En gang hørte jeg Olav H. Hauge tale. En gang, på ordentlig.

Hva er det med Hauge som drar slik? Hvorfor, hvordan, hur, korleis, gjer han det? Jeg ble introdusert til Hauges verden for mange år sida, men skjønte ingenting. Uansett hvor avansert jeg følte meg, hvor intellektuell jeg trudde jeg var, hvor moderne og oppdatert jeg ville være: Niks. Ingenting. Nada. Noen, ei jente kanskje, ei pen ei, med god striledialekt fra en plass uttafor byen snakka om Hauge. Hun satt ved et bord på Bryggestuen i lag med andre slike som hadde sett det, veid det, funni det tungt og sterkt og nok. Nehei: Jeg skjønte det ikke. Sa prøvde jeg å lese det, nesten tvangsprega. Som Jazz eller Marx, filosofi og religion. Omatt og omatt. Som kaffe en gang var. Som røyk. Vondt. Vanskelig. Var jeg for ung? For ny? Klart at dikt som «Din veg», «Katten sit i tunet», «Draumen», og en håndfull andre monumenter var fine. Gode, store, flotte dikt, men det meste anna blei liggende i det skjulte, løynde, med kryptiske ord en ikke gadd bla i ordbøker for å finne. Nåvel. Det fikk så være. Samma det, kunne lese andre jeg, andre slike fra borti flatlandet mitt. Det er folk som skriver godt innimellom grantrær og togstasjoner og. Grasbakker og steinrøyser. Jora.

Så gikk det noen år, og så brått kom Olav H. Hauge på besøk til Bergen. Jeg hadde bodd enda noen år her borte, møtt fleire striler, hardinger, vossinger, og folk fra ymse andre strøk, utta og innaskjærs. Med ord og nemninger som kanskje hadde satt seg et sted i meg. Fylt opp. Lagra seg, laga seg til? Og ellers rundt omkring var det god plass, passe øde. Slik som i strandebarmen min etter at den er nyausa, og årene er lagt oppi, men fjorden ligg blick ved fjære sjø. Lita von å legge utpå. Midt på dagen. Uvirksam. For lite drag, ikke ei krusning, inga bett. Sitte og vente. På lite. Så kjøpte

jeg en billett til Studentsamfunnet, da. Olav H. Hauge skulle tale. Tale orda sine, de jeg ikke forsto, ikke skjønte på mitt språk, min måte, i mitt liv. Det var nok ikke bare jeg som følte en viss utilpasshet. Mengder av livlige framfuse studenter var der vel først for å hive innpå øl. Og så, langt nede i rekka av behov, for å ta eit glimt inn i noe anna. Vi som var der for Hauge og bare det, satte oss på golvet. Vi litt ordentlige, vi litt halvunge, lett undrende, tenkende. Hardinger og byfolk. Striler, og en slik som meg, uttafor alt, ualminnelig langt vekke fra dette utspråket, haugemålet. På golvet framfor podiet. Stolen og mikrofonen. Bak oss en summende veivende maurhær av fordrukne studenter. Olav H. Hauge kommer inn. Ber stille om orsaking, Nei: At han ikke taler høgt. Noen hysjer. Noen ber fortvila folk slutte mase. Det stilner. Olav taler. Det er som mild rus og god røyk, som tyrived, røde rakettyls, smilet fra kjæresten din og noe anna, noe nytt og flatt, kvitt og lyst som en duk på et bord der du er gjest. Olav Hauge leser. «Epletrei». «Seddu». «Ordi». Stille. Stødig. Jeg har lyst til å reise meg og skrike: «Hør da for helvete!» «Hør da, hør!». Jeg gjør ikke det. Klarer han å sitte der stille og rolig i larmen, klarer jeg det. En blir litt slik. Slik han er. Som han er. Om han er slik han er eller bare må være sånn akkurat nå. Vi tier der nede på golvet: Det er bare nå, liksom, og så er det bare nå. Dette nå som er. Ei god stund. Den dønn stille røsta, den totale sansen for ord. Ord. Haugeord. En slags sang: Et anna språk. En kveld eller tidlig natt på Studentsenteret i Bergen for femogtjue år sida. Olav H. Hauge er der, og jeg har møtt ham og orda hans, og kjøper diktsamlinga hans dagen etter sjøl om jeg ikke har råd, overhodet. Leser den, leser, leser, leser.

Erik Nordstrand

Vedtekter for Venelaget Olav H. Hauge

1. Namnet på laget er "Venelaget Olav H. Hauge".
2. Føremålet med laget er å fremja interessa for Olav H. Hauge si dikting.
3. Medlemar av laget greier ut medlemspengar, som vert fastsette på årsmøtet.
4. Venelaget skal gje ut medlemsblad. Styret eller dei som styret gjev ansvar, skal syta for at bladet kjem ut årleg med minst to nummer.
5. Venelaget nemner opp ein medlem til styret for Haugestiftinga. Det skal veljast varamedlem for denne. Styret vel denne internt.
6. Venelaget skal ha styre med leiar, nestleiar, kasserar, skrivar og styremedlem. Det skal veljast to varafolk. Leiaren og styremedlemmene er på val kvart årsmøte. Kasseraren treng ikkje vera styremedlem. Ei valnemnd på tre medlemmer kjem med framlegg på årsmøtet om styresamansetting.
7. Årsmøtet vert halde i samband med "Ulvik Poesifest". Årsmøtet skal kunngjerast minst ein månad på førehand. I innkallinga får medlemmene melding om at frist for innsending av saker ein ynskjer ta opp, er 14 dagar før årsmøtet. Det skal ta føre seg årsmelding og rekneskap, og elles planlegging for komande arbeidsbolk. Årsmøtet vel og valnemnd og ettersyn (revisor) etter framlegg frå styret. Vala er for to år.
8. Omframt årsmøte vert halde når styret eller 1/5 av medlemmene krev det.
9. Endringar av vedtektene eller eit krav om oppløysing av Venelaget kan berre gjerast på vanleg eller omframt årsmøte. Då krevst det at 2/3 av dei frammøtte er same om det. Framlegg til vedtektsendring skal sendast skriftleg til alle medlemmer minst 1 mnd før årsmøtet. Alle medlemmer har høve til å senda inn skriftlege merknader som vert lesne opp for årsmøtedeltakarane. Om det kjem vedtak om oppløysing, skal midlar og verdiar gå til Haugesenteret i Ulvik, starta i 2011.

Samrøystes vedteke på skipingsmøtet 21.8.1999 i Elvatun, Ulvik.
Endra på årsmøtet 06. september 2014 i Elvatun, Ulvik.

Soarhe Kroppar
i kvitha sajo
listar: regnet grænir

Styret i Venelaget Olav H. Hauge 2014–2016

På årsmøtet i Ulvik 6. september 2014 vart dette styret valt:

- Leiar: Randi Jåstad, Norheimsund
- Styremedlem: Audun Lødemel, Voss
- Styremedlem: Annelise Thorbjørnsen, Voss
- Styremedlem: Bjørn Finne, Granvin
- Styremedlem: Eivind Bergo, Bergen
- Varamedlem: Torbjørg Austrud, Ulvik
- Varamedlem: Terje Hjartnes, Ulvik

Kontakt oss på desse adressene:

E-post: post@venelagethauge.no eller randijaa@gmail.com

Adresse: Venelaget Olav H. Hauge v/Randi Jåstad
Vikøyvegen 386
5600 Norheimsund
Tlf: 915 23 146

Redaktør for medlemsheftet:
Audun Lødemel

Fundus de klara voss
Olav H. Hauge